

MØTEINNKALLING

Utval: Nemnd for vilt, fiske og friluft.
Møtestad: Landbrukskontoret
Dato: 28.02.2019
Tid: 17:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 20.02.2019

Sigurd Voldsund Nygard
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 8/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 9/19	Protokoll frå førre møte
PS 10/19	Referatsaker
PS 11/19	Oppsummering av hjortejakta i 2018
PS 12/19	Bruken av viltfondet i Herøy i 2018 og 2019
PS 13/19	Evaluering av bestandsplan for Gurskøy nordvest hjortevald
PS 14/19	Evaluering av bestandsplan for Indre Herøy Storvald
PS 15/19	Møteplan for 2019


Referatsaker:

RS 1/19	Kommentar om tidleg jaktstart på grågås
---------	---

PS 8/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 9/19 Protokoll frå førre møte

PS 10/19 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2019/251
		Arkiv:	K46

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	28.02.2019

OPPSUMMERING AV HJORTEJAKTA I 2018

Tilråding:

Nemnda tek oppsummeringa til vitande.

Særutskrift:

Sakshandsamar



Samandrag av saka:

Tal felte hjort i fjor hadde ei lita auke samanlikna med tidlegare år. Fordelinga mellom felling på kjønn og alder syner at fellinga i 2018 var nærare kommune sine bestandsmål enn dei tidlegare åra.

Saksopplysningar:

Fellingsprosentane viser følgjande fellingstal for hjortejakta i 2018:

Vald	Tildelt totalt	Felt han kalv	Felt ho kalv	Felt bukk yngre	Felt kolle yngre	Felt bukk eldre	Felt kolle eldre	Felt totalt	Felling prosent
Gurskøy n.v	30	3	0	6	4	6	3	22	73
Indre Herøy	46	4	3	7	6	11	4	35	76
Ytre Herøy	36	2	1	4	6	8	3	24	67
Til saman	112	9	4	17	16	25	10	81	72



Det har vore felt ein høg prosent med eldre bukk i Herøy siste åra. Denne prosenten var på veg ned, men har auka litt i fjor. I 2018 vart det felt 31% eldre bukk, mot 27% 2017, 34% i 2016 og 37% i 2015.

Til saman er det felt 43% eldre dyr, 41% yngre dyr og 16% kalv. Siste åra har uttaket av spissbukk auka og uttak produksjonsdyr minka. Vi meiner det er ei god utvikling i forhold til bestandsmåla for kommunen.

År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Sett hjort pr. jegerdag	1,42	1,32	2,02	1,67	1,49	1,73	1,42	1	1,31	1,1	0,93	0,99	1,25	1,1	1,92
Antall jegerdager	340	576	184	305	314	374	340	218	522	598	746	693	674	552	612
Jaktfelt som har levert	15	19	9	16	12	17	16	13	25	26	29	27	28	27	30

Det er registrert slaktevekt på 46 dyr gjennom www.settogskutt.no. Til samanlikning er det felt totalt 81 dyr. I 2017 vart det registrert 70 skutte dyr i same systemet, og vi vil oppmode valda om å nytte denne løysinga. Fleire vald registrer slaktevekta i eigne lister, men dei dataa får vi ikkje samanstillt med tala som ligg i settogskutt.

Fosnavåg, 15.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2019/253
		Arkiv:	K46

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	28.02.2019

BRUKEN AV VILTFONDET I HERØY I 2018 OG 2019

Tilråding:

Nemnda tek saka til vitande.

Særutskrift:

Sakshandsamar

Saksopplysingar:

Arbeidet med kommunen sitt pliktige ettersøk kan dekkast med viltfondet. Under følger oversikt over inn- og utbetalinger frå viltfondet i Herøy i 2018. Saldo på viltfondet per 31.12.2018 var om lag kr. 70.000,-.

Herøy kommune hadde avtale med Herøy ettersøksring om kommunen sitt pliktige ettersøkt på skada og dautt hjortevilt. Det vert skrive ny avtale med ein annan tilbydar med det fyrste. Kostnaden i 2018 var på kr. 20.000,-.

OVERSIKT OVER INN/UTBETALINGAR FRÅ VILTFONDET 2018

Sende dato	Tekst	Inntekt	Utgift
07.03.2018	Fellingsavgift alle valde	26 798,00	
08.06.2018	Kurs Knut Tandberg		6 525,00
08.06.2018	Kurs Sigurd Nygard		5 895,00
23.01.2018	Utbetalt refusjon valda for 2016		4 310,00
23.01.2018	Utbetalt refusjon valda for 2017		8 040,00
	Sum	26 798,00	24 770,00
	Overskot	-2 028,00	
		24 770,00	24 770,00

Det vart teke kostnadar med å utdanne ettersøksjegerane med pliktig videregående kurs som var ein eingongskostnad dette året. Utbetalinga av godtgjersla for ettersøket i 2018 på kr. 20.000,- kjem på rekneskapen for 2019. I tillegg vart det oppdaga at refusjonen til valde i 2016 ikkje hadde vorte utbetalt. Det kom difor to refusjonsutbetalinger på same året. Likevel gjekk fondet med eit overskot på kr. 2.028,- i 2018.

FORVENTA INNTEKTER OG UTGIFTER FRÅ VILTFONDET I 2019

Tekst	Inntekt	Utgift
Fellingsavgift alle valde	28 632,00	
Refusjon fellingsavgift (maks sats)		8 590,00
Utbetaling for ettersøksavtalen for 2018		20 000,00
Utbetaling for ettersøksavtalen for 2019		20 000,00
Sum	28 632,00	48 590,00
Underskot	19 958,00	
	48 590,00	48 590,00

Vi må forvente at kostnaden med det pliktige kommunale ettersøket på hjort får ein kostand på kr. 20.000,- også med ny avtale. Forventa underskot i 2019 må dekkast av behaldninga på viltfondet.

Vurdering og konklusjon:

I eit normalt år vil inntekter og utgifter frå viltfondet gå i balanse. Inntektskjelda er fellingsavgifta og utgiftene er refusjon til valda med 30% av innbetalt avgift og ettersøksavtalen.

Vi har og tatt høgde for at Herøy kommune vert med i merkeprosjektet Vesthjort. Total kostnad her vert kr. 51.000,- med fordeling om lag kr. 10.000,- over 5 år. Denne kostnaden må og dekkast over viltfondet.

Vi ser at vi i løpet av ein 5-års periode vil tappe viltfondet for kapital berre med naudsynte og planlagde kostnadar. Einaste måten å få balanse i rekneskapen på er å auke fellingsavgifta, redusere refusjonen til valda og vere nøkterne med kostnadar til kurs og anna opplæring. Vi vil derfor vurdere å auke fellingsavgifta i samband med handsaming av kommunen sitt budsjett til hausten. Fellingsavgifta er no på kroner 379 og 220 og maks satsar er på kroner 411 og 249.

Fosnavåg, 15.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2019/251
		Arkiv:	K46

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	28.02.2019

EVALUERING AV BESTANDSPLAN FOR GURSKØY NORDVEST HJORTEVALD

Tilråding:

Nemnda tek resultatet til vitande.

Viss ikkje fellingane i 2019 vert meir i samsvar med planen vil nemnda vurdere og trekkje planen attende etter årets jaktseong.

Særutskrift:

Sakshandsamar

Samandrag av saka:

Alle vald som jaktar hjort i samsvar med ein godkjent bestandsplan vert evaluert etter kvar jakt sesong. Jmført § 16 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal kommunen vurdere om jaktuttaket i eit område der ein jaktar etter bestandsplan er i samsvar med målsettingane i bestandsplanen og i kommunen sine planar. Vesentlege avvik, m.a. i talet på felte dyr og kjønns- og alderssamansettinga til dei felte dyra gjev grunnlag for å trekke godkjenninga av planen tilbake.

I følgje ny hjorteviltforskrift av 08.01.2016 har kommunen frist til 01.04. til å trekkje attende ein godkjend plan. Gurskøy nordvest storvald har jakta no det andre året av den 5-årige planen.

År	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hokalv	Felt bukk 1 ½ år	Felt kolle 1 ½ år	Felt bukk eldre	Felt kolle eldre	Felt totalt	Felling %
2017	30	2	2	7	2	7	2	22	73
2018	30	3	0	6	4	6	3	22	73
Sum	60	5	2	13	6	13	5	44	73

Aldersfordeling	Kalv %	Yngre dyr %	Eldre dyr %
Planlagt	23	37	40
Felt 2017	18	41	41
Felt 2018	14	45	41

Hann/ hodyr	Hanndyr %	Hodyr %
Planlagt	59	41
Felt 2017	73	27
Felt 2018	68	32

Vurdering og konklusjon:

Gurskøy nordvest storvald har oppnådd eit resultat på fellingane i 2018 som er greitt innafor handlingsromet i bestandsplanen når det gjeld kjønnsfordelinga på fellingane og tal felte eldre dyr. Fellingsprosenten burde vore aukande no i andre året av planen då den var i underkant førre år. Fordelinga av fellingane mellom kalv og yngre dyr er utafor det som ligg i handlingsromet i planen.


Viss ikkje fellingane i 2019 vert meir i samsvar med planen vil nemnda vurdere å trekkje planen attende etter årets jakt sesong.

Fosnavåg, 18.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2019/251
		Arkiv:	K46

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	28.02.2019

EVALUERING AV BESTANDSPLAN FOR INDRE HERØY STORVALD

Tilråding:

Nemnda tek resultatet til vitande.

Særutskrift:

Sakshandsamar

Alle vald som jaktar hjort i samsvar med ein godkjent bestandsplan vert evaluert etter kvar jakt sesong. Jamført § 16 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal kommunen vurdere om jaktuttaket i eit område der ein jaktar etter bestandsplan er i samsvar med målsettingane i bestandsplanen og i kommunen sine planar. Vesentlege avvik, m.a. i talet på felte dyr og kjønns- og alderssamansettinga til dei felte dyra gjev grunnlag for å trekke godkjenninga av planen tilbake.

I følgje ny hjorteviltforskrift av 08.01.2016 har kommunen frist til 01.04. til å trekkje attende ein godkjend plan. Indre Herøy storvald har jakta fyrste året av den 3-årige planen.

År	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hokalv	Felt bukk 1 ½ år	Felt kolle 1 ½ år	Felt bukk eldre	Felt kolle eldre	Felt totalt	Felling %
2018	46	4	3	7	6	11	4	35	76
Sum	46	4	3	7	6	11	4	35	76

Tal dyr	Plan	2018
Kalv	11	7
Kolle	14	10
Spissbukk	8	7
Eldre bukk	13	11
I alt	46	35

Aldersfordeling	Kalv %	Yngre dyr %	Eldre dyr %
Planlagt	25	30	45
Felt 2018	20	37	43

Hann/ hodyr	Hanndyr %	Hodyr %
Planlagt	59	41
Felt 2018	63	37

Vurdering og konklusjon:

Indre Herøy storvald har oppnådd eit resultat på fellingane i 2018 som er godt innafor handlingsromet i bestandsplanen når det gjeld kjønns- og aldersfordelinga på fellingane. Fellingsprosenten burde ha vore høgare. Vi vil likevel rå nemnda til å ta resultatet til vitande.

Fosnavåg, 18.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg



Avdeling landbruk

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/1853
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	28.02.2019

MØTEPLAN FOR 2019

Tilråding:

Nemnd for Vilt, fiske og friluft i Herøy vedtek følgjande møteplan for 2019:

Torsdag 17.01

Torsdag 28.02

Torsdag 09.05

Torsdag 04.07

Møta startar kl. 17.00 og vert halde på landbrukskontoret.

Særutskrift:

Sakshandsamar

Samandrag av saka:


Framlegg til møteplan er basert på tidsfristar i villtlovverket. Det er planlagt 4 møte i løpet av året. Møtedatoane er lagt slik at det ikkje skal vere for stor overlapp mellom kommunane i møtedatoar. Dette for å lette sakshandsaminga ved landbrukskontoret.

Fosnavåg, 15.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
Postboks 2520
6404 MOLDE

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2018/1854	K40		LANDBRUK	12.02.2019

KOMMENTAR OM TIDLEG JAKTSTART PÅ GRÅGÅS

Nemnd for vilt, fiske og friluft i Herøy kommune handsama sak i møte den 17.01.2019 om Forskrift om tidleg jaktstart på grågås. Nemnda var samrøystes i vedtaket om og sende brev til Dykk om den manglande effekten av tidleg jaktstart i vår kommune. For handsaminga av saka sjå vedtaket og saksutgreiinga i vedlegget.

Nemnda viser til at vi har hatt god effekt av reduksjonsfellinga i vår kommune gjennom fleire år. Ordninga har vore forankra i forvaltingsplanane for grågås for perioden 2011-2015 og med lenging i 2016 og 2017. Etter nemnda si oppfatning vil effekten av å starta jakta på grågås berre 14 dagar tidlegare enn ordinær jaktstart ha liten effekt på den skaden som vert på grasmarker som skal haustast. Viss tidleg jaktstart skal ha ei effekt så med jakta ta til meir enn 14 dagar tidlegare.


Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg

1 Særutskrift VILT-sak 4/19: Forskrift om tidleg jaktstart på grågås





Avdeling landbruk

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/1854
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	17.01.2019

FORSKRIFT OM TIDLEG JAKTSTART PÅ GRÅGÅS

Tilråding:

Nemnd for vilt, fiske og friluft tek saka til vitande.

Møtebehandling:

Felles framlegg til tilføyning i vedtaket:

Det vert sendt brev til Fylkesmannen med kommentar om den manglande effekten av tidleg jaktstart.

Rådmannen si tilråding med felles tilleggsframlegg vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. - 17.01.2019

Nemnd for vilt, fiske og friluft tek saka til vitande.

Det vert sendt brev til Fylkesmannen med kommentar om den manglande effekten av tidleg jaktstart.

Særutskrift:

Sakshandsamar

Samandrag av saka:

Den tidsavgrensa forvaltingsplanen for grågås for Sande, Herøy, Ulstein og Hareid gjekk ut i 2015. Siste åra har Fylkesmannen gitt løyve til lenging av planen for eitt år av gongen. Tiltaket reduksjonsfelling, som det ligg heimel til i planen, kan ikkje lenger nyttast. Nemnda vert beden om å vurdere innføring av tidlegjakt. Tiltaket er eit av alternativa til reduksjonsfelling.

Saksopplysningar:

Forvaltingsplan for grågås for kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid 2011 – 2015 vart vedteke av Fylkesmannen den 18.04.2011. Etter at planperioden gjekk ut har Fylkesmannen lenga planen kvart år, men berre for eit år av gongen.

Forvaltingsplanen er eit samarbeider mellom landbruksavdelinga i Herøy, landbrukskontoret i Sande og tidlegare miljørettleiar i Ulstein, Alv Ottar Folkestad. Av ulike årsaker har arbeidet med evalueringa av utgåtte plan, og arbeidet med ny plan, stoppa opp. I haust kontakta vi Astrid Buset hos Fylkesmannen for å få rettleiing i forhold til det vidare arbeidet. Ho kunne opplyse om at «metoden» reduksjonsfelling innafor serskild definerte tiltaksområder ikkje kan nyttast lengre.

Vurdering og konklusjon:

Alternativa våre vert da:

1. Ein forvaltingsplan der hensikta er eggplukking ut over ordinær sesong. Fylkesmannen gir løyve og godkjenner lokal forskrift.
2. Ein forvaltingsplan der hensikta er tidlegjakt (maks 14 dagar tidlegare) med stadfestingar og avgrensingar. Fylkesmannen gir løyve og godkjenner lokal forskrift.
3. Ordinære fellingsløyve med heimel i skadefellingsforskrifta.

Vår forvaltingsplan la opp til både eggplukking, ut over ordinær sesong, og reduksjonsfelling. Frå Miljødirektoratet er det no eit ynskje/krav om at reduksjonsfelling fasast ut. Det går fram av *Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseasongenen frå med med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022* at «*En forutsetning for å forskriftsfeste tidligere jaktstart er at det ikkje drives utstrakt skadefelling av grågås i vårsesongen.*»

Våre alternative val:

1. Vi kan kutte ut grågåsplanen viss vi ikkje skal ha eggplukking ut over ordinær sesong.
2. Vi kan halde fram med å gi skadefellingsløyve (der det er påvist økonomisk skade).
3. Vi kan ikkje halde fram med å gi løyve til reduksjonsfelling.
4. Vi kan lage ein ny forvaltingsplan som gir grunnlag for tidleg jakt og eventuelt også lengre sesong for eggplukking.

Det har ikkje vore plukking av grågåsegg i tiltaksområdet siste åra verken i ordinær eller utvida sesong. Ein forvaltingsplan berre for eggplukking ut over ordinær sesong ser vi ikkje hensikta med.

Arbeidet med utgreiing av effekten av tidlegjakt er omfattande. Innføring av tidlegjakt krev heimel i forskrift og bak forskrifta må det og ligge føre ein ny/ revidert forvaltingsplan.

Vi rår at det i fyrste omgang vert lagt arbeid i og drøfte effekten av tidleg jaktstart før vi eventuelt går i gang med og utarbeide ny/ revidert forvaltingsplan.

Fosnavåg, 21.12.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg